

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 13.11.2019

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet viser til at fylkeskommunen som vegeigar vil ha ansvar for å utgreie skiltbruk på fylkesveg. Ut i frå omsynet til effektiv sakshandsaming og til at det forvaltningsnivået som har ansvar for ei oppgåve også får mynde til å ta avgjerd, må fylkeskommunane få ansvar for å fatte skiltvedtak. Felles skiltbruk kan bli teke vare på gjennom skiltforskrifta og ved at skiltplanar kan sendast til Statens vegvesen for uttale.
2. Fylkesutvalet er samd i at Statens vegvesen framleis bør ha ansvar for kontroll og godkjenning etter tunnelforskrifta og bruforskrifta. Dette må likevel praktiserast på ein slik måte at ein unngår detaljstyring og eit tidkrevjande godkjenningsregime.
3. Fylkesutvalet støttar dei andre føreslegne endringane i forskriftene som er omfatta av høyringa.